



Til styret i Helse Førde v/ styreleiar Jorunn Ringstad

Ønskje om informasjon om Helse Førde si oppfølging av styrevedtak i Helse Vest om Nordfjord Sjukehus

Nordfjordrådet syner til vedtak på styremøte i Helse Vest 5/2-14 (sak 15/14 og 16/14) om framtidig innhald og styring av Nordfjord Sjukehus, i samband med sluttrapport for "Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus - framtidias lokalsjukehus" og eiga styresak om dagkirurgi. Vi syner også til Helse- og omsorgsminister Bent Høie si stadfesting av Helse Vest sine vedtak i samband med besøk på Nordfjordeid i februar 2014.

I Helse Vest si styresak 15/14 heiter det: *"For å sikre det planlagde og nære samarbeidet om pasientbehandling, felles bruk av areal og felles bruk av personell, må framtidias lokal-sjukehus utviklast vidare og drivast i nært samarbeid med kommunane i opptaksområdet."*

Vi ønskjer eit snarleg møte for å få informasjon om kor langt Helse Førde er komme i oppfølginga av Helse Vest sine styrevedtak, og for å realisere Helse Vest sitt ønskje om at lokalsjukehuset skal utviklast vidare i nært samarbeid med kommunane i opptaksområdet. Det gjeld særleg følgjande tre punkt:

1. Realisering av heile planen for "Nye Nordfjord sjukehus".

Styret i Helse Vest vedtok i sak 15/14 følgjande: *"Styret i Helse Vest seier seg godt nøgd med arbeidet i «Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus – framtidias lokalsjukehus», og sluttar seg til modellen som er utvikla og ber Helse Førde om å realisere planen."*

Planen for "Nye" Nordfjord sjukehus er i Helse Vest si styresak oppsummert slik:

«Nye» Nordfjord sjukehus

Med alle dei foreslåtte løysingane på plass, vil Nordfjord sjukehus ha følgjande tilbod (løysingane bygger på arbeidsgrupperapportar og delutgreiningar, jf. vedlegga til sluttrapporten):

Tenester ved nye Nordfjord sjukehus	
Indremedisinsk døgntilbod (akuttberedskap med anestesilege) <ul style="list-style-type: none">• Hjersteinfarkt• Infeksjonar• Lungesjukdommar• Mage-tarmsjukdommar• Blodsjukdommar• Geriatri/eldremedisin; akutt funksjonssvikt hos eldre• Palliasjon• Akutte lette til moderate forgiftingar• Akutt hjemeslag	Utvida og nye polikliniske tenester <ul style="list-style-type: none">• Gastroenterologisk poliklinikk (styrka)• Kardiologisk poliklinikk (styrka)• Diabetespoliklinikk (vidareført)• Lungesjukdommar; KOLS-tilbod (nytt)• Eldremedisinsk poliklinikk (nytt)• Slagpoliklinikk (styrka)• Nevrologi (nytt)• Revmatologi (nytt)• ØNH, høysesentral (nytt)• Auge; avtalespesialist (nytt)• Gynekologi og fødepoliklinikk (endra)• Barnepoliklinikk (vidareført)• Hudpoliklinikk (vidareført)• Ortopedi (vidareført)• Kirurgi (nytt)
Skadepoliklinikk – beredskap, stabilisering <ul style="list-style-type: none">• Ny modell, integrering med interkommunal legevakt	Psykisk helsevern og rusbehandling (TSB) <ul style="list-style-type: none">• Nytt akutttilbod ved DPS-et• Nordfjord BUP (vidareført)• Ruspost – fylkesdekkande døgntilbod og «Nordfjordmodellen»

Breitt dagbehandlingstilbod <ul style="list-style-type: none"> • Medikamentell kreftbehandling (vidareført og styrka) • Infusjonspoliklinikk/behandling (utvida/nytt) • Dialysestilbod (styrka, om lag dobla) • Hjarterehabilitering (nytt) • KOLS-skule (nytt) • Læring- og mestring (nye tilbod) 	Endringar i fødetilbodet – «God start eining» <ul style="list-style-type: none"> • Barseltilbod • Følgjetenester
	Laboratorie- og røntgentenester, inkludert blodbank (vidareført)

I tillegg har utviklingsprosjektet drøfta moglegeheiter og utfordringar i samband med eventuelle dagkirurgiske tenester og bruk av anestesiresursen.

På Nordfjord sjukehus er det felles interkommunale tenester for seks kommunar i Nordfjord; legevakt og legevaktstelefontsentral og øyeblikkeleg-hjelp-avdeling (som blei opna 07.10. 2013). Det er vidare prehospitala tenester med ambulansetasjon ved sjukehuset.

Ut over dagkirurgi, som er omhandla i eiga sak, meiner Nordfjordrådet dette er ei god oppsummering av modellen Helse Vest ber Helse Førde om å realisere. Helse- og omsorgsminister Bent Høie stadfesta også i februar 2014 at det er denne modellen som skal leggest til grunn og at "alt skal på plass", jmf vedlagde avisintervju med statsråden.

Vi ynskjer informasjon frå Helse Førde om kor langt helseforetaket er komne i realiseringa av modellen, og kva som er planlagt framdrift for å få på plass dei elementa i tabellen over som enno ikkje er på plass ved Nordfjord sjukehus.

2. Stadleg leiing

Styret i Helse Vest vedtok i sak 15/14 følgjande: "*Styret i Helse Vest deler administrasjonen sin vurdering av at det må etablerast lokal leiing for å understøtte gjennomføring av modellen*"

I styresaka til Helse Vest er det m a sagt følgande om stadleg/lokal leiing:

Utgreiinga omkring leiingsmodell syner at det ikkje er ein modell som er «rett», men at det må være ei bevisst haldning til val av leiingsmodell, og kanskje må dette justerast over tid avhengig av type utfordringsbilete ein står ovanfor. Utviklingsprosjektet trakk fram nokre vesentlege moment ved val av leiingsmodell:

- Velje løysingar med bakgrunn i kva utfordringar ein står ovanfor og kva moglegeheiter ein ser i høve personkalar, lokale omsyn med meir
- Sikre den faglege utviklinga av lokalsjukehuset ved tett integrasjon mellom dei kliniske miljøa i føretaket
- Legge til rette for at Nordfjord sjukehus framleis utviklar seg som framtidias lokalsjukehus med nasjonal merksemd, ei utvikling som må skje i nær dialog med kommunane
- For å sikre det planlagde og nære samarbeidet om pasientbehandling, felles bruk av areal og felles bruk av personell, må framtidias lokalsjukehus utviklast vidare og drivast i nært samarbeid med kommunane i opptaksområdet. Leiingsmodellen for Nordfjord sjukehus må understøtte denne samhandlinga.

For å ta omsyn til desse forholda meiner Helse Vest at det må etablerast lokal leiing ved Nordfjord sjukehus. Det blir i denne samanheng vist til sak 44/13 der det blir lagt til grunn etablering av lokal leiing ved Stord sjukehus.

Mange sjukehus/helseføretak byggjer er i dag organiseringa si på gjennomgåande klinikkstruktur. Dette kan sikre gjennomgåande god pasientbehandling med god kvalitet. Utfordringa er at det då ikkje vil vere ei samla leiing ved våre minste sjukehus. For noko på veg å bøte på dette, må det etablerast lokal leiing òg ved dei minste lokalsjukehusa.

Nordfjorderrådet syner til at Helse Vest spesielt trekkjer fram modellen som no er etablert ved Stord Sjukehus, og at leiingsmodellen må understøtte den nære samhandlinga som skal vere med kommunane i opptaksområdet. Vi ser det difor som naturleg at Nordfjord-kommunene vert trekt inn i prosessen rundt etablering av modell for stadleg leing, slik vi oppfattar at Helse Vest ønskjer.

Vi merka oss også at Helse- og omsorgsminister Bent Høie på sitt besøk på Nordfjordeid tydeleg stadfesta Helse Vest sitt vedtak, og m a sa at *"For meg er det uansett heilt unaturleg at ein så stor arbeidsplass som det Nordfjord sjukehus er, ikkje skal ha ei reell stadleg leing."* (Fjordabladet, 20. mars 2014).

Nordfjorderrådet syner også til innspel frå samtlege tilsette-organisasjonar ved Nordfjord Sjukehus og Nordfjord Psykiatri v/...enter til Helse Førde dagsett 9/5 om saka, der Helse Førde blir oppmoda til å ha ein brei prosess rundt etablering av lokal leing der også kommunene og dei tilsette sine organisasjonar ved sjukehuset blir inkludert - slik det vart gjort i Helse Fonna/Stord sjukehus.

3. Dagkirurgi

Styret i Helse Vest vedtok i sak 16/14 følgjande:

- "1. Styret i Helse Vest slår fast at det skal etablerast eit dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus.*
- 2. Tilbodet må ha eit omfang på om lag 60 operasjonsdagar i året. Kataraktkirurgi (grå stær) vil vere eit sentralt område. Helse Førde må fortløpande vurdere alle andre fagområde ut frå behov, ventetider og bemanning innanfor dei ulike fagområda. Kvalitet og pasienttryggleik må vere avgjerande i val av fagområde.*
- 3. Helse Vest vil bidra til å dekke kostnadene til nødvendige investeringar og meirkostnader til drift med inntil kr 4 mill. til drift og inntil kr 8 mill. som eit eingongsbeløp til nødvendige investeringar."*

Vi ønskjer informasjon om status og planer for oppfølging av dette vedtaket. Vi syner også til at Helse- og omsorgsminister Bent Høie i etterkant av styremøtet understreka at dette er eit generelt vedtak om dagkirurgi, og ikkje berre eit tilbod avgrensa til grå stær: *"Sjølvsagt er det ingen tvil om at det er Helse Førde si oppgåve å følgje opp vedtak. Alvoret og realismen i vedtaket i Helse Vest ligg der. Det er eit prinsipielt vedtak om dagkirurgi, og ikkje berre at det er grå stæroperasjonar som skal vere tilbodet."* (Fjordingen, 21/3-14).

I tillegg til dei tre punkta over, vil vi også gjerne ha informasjon frå Helse Førde om status for medisinsk avdeling ved Nordfjord sjukehus, og kva Helse Førde gjer for å sikre at organiseringa av avdelinga er i tråd med Nasjonal Helse- og omsorgsplan sine krav til fullverdig medisinsk akuttberedskap.

Nordfjorderrådet ønskjer å vere ein aktiv samarbeidspart i å realisere Helse Vest og Helse- og omsorgsministeren sine vedtak og føringar om å gjere Nordfjord Sjukehus til ein nasjonal modell for framtidens lokalsjukehus, som Helse Førde har fått i oppgåve å utvikle i nært samarbeid med kommunane i regionen.

Dersom det er andre tilhøve Helse Førde ynskjer å ta opp om samhandling mellom Nordfjord-kommunane og Helse Førde, evt ha ein status frå vår side for dei ulike interkommunale tenestene ved sjukehuset, er vi sjølvsagt positive til dette.

Vi håpar vi kan få til eit møte i løpet av mai månad, og vil frå vår side prioritere tid til dette.

Nordfjord, 7/5-14

Beste helsing

Sven Flo
Ordførar Stryn/
leiar Nordfjorderrådet

Alfred Bjørlo
Ordførar Eid

Ottar Nygård
Ordførar Selje

Morten A. Hagen
Ordførar Vågsøy

Anne Britt Ø Nygård
Ordførar Hornindal

Anders Ryssdal
Ordførar Gloppen

Vedlegg:

Avsklipp frå Fjordingen, Fjordenes Tidende, Sunnmørsposten og Fjordabladet 20-21. mars 2014)